

Eigedomsforvaltning
Line Merete Valle

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/8743 - 21/78335

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
26.11.2021

Løyve til etablering av midlertidig avløpsreinseanlegg - gbnr 316/15 og 316/16 Meland

Administrativt vedtak: **Saknr: 1249/21**
Tiltakshavar: Alver kommune
Ansvarleg søker: Norconsult AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 vert det gjeve løyve i eit trinn for etablering av mellombels 20m³ slamavskiljar med tilhøyrande leidningsnett og infiltrasjonsgrøft på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.10.2021 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Løyvet er mellombels og tilhøyrande abonnementar skal vere kopla til kommunalt avløpsanlegg innan 2 år frå vedtaksdato.
3. Når godkjenningsperioden er over skal slamavskiljaren fjernast og terrenget tilbakeførast til opphaveleg stand.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande ligge

1. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen i form av KOF-filformat eller SOSI-fil (versjon 4 eller nyare) for oppdatering av kommunen sitt kartverk.

Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av slamavskiljar på eigedom gbnr. 316/15 og 316/16 Meland. Det skal etablerast ein 20 m³ slamavskiljar. Utslepp frå slamavskiljar skal førast vidare i leidning til infiltrasjonsanlegg som vert etablert på staden.

Tiltaket er mellombels og løyvet vert gjeve for 2 år frå vedtaksdato og innan denne fristen skal desse avløpa vera knytt til kommunalt avløpsanlegg og avløpsanlegget skal vere sanert.

Det er i sak 1009/21, datert 28.08.2021 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for utslepp av sanitært avløpsvatn frå slamavskiljar til infiltrasjonsanlegg. Det vert elles vist til søknad motteken 13.10.2021.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.10.2021 og frist for sakshandsaming er 12 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

Dispensasjon veglova

Vestland Fylkeskommune har i vedtak datert 10.11.2021 gjeve dispensasjon frå byggegrense mot fylkesveg 5312 for å legge vatn- og avlaupsledingar, og mellombels avlaupsreinseanlegg på gnr. 316 bnr. 15 i Alver kommune.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Det er kommunen si vurdering ar nabovarsling kan utelatast i denne saka.

Det er opplyst i søknaden at grunneigarar er varsle munnleg og har ingen innvendingar mot planane. Det ligg også føre avtale mellom Alver kommune og U. L. Varden.

Privatrettslege tilhøve

Slamavskiljar og infiltrasjonsanlegg er plassert på eigedom på gnr. 316/15. Leidningsnett er plassert på både gnr. 316/15 og 316/16.

Det ligg føre skriftleg avtale mellom Alver kommune og U.L. Varden om plassering av slamavskiljar og infiltrasjonsanlegg for ein mellombels periode.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.10.2021.

Terrenghandsaming

Terrengendringar er vist med snitteikning i situasjonsplan datert 07.10.2021.
Infiltrasjonsanlegget vert bygd opp med isolert overdekning ca. 0,7 m, fordelingslag pukk (8 – 16 mm) ca. 0,3 m og et filterlag ca. 1,0 m av sandig grus (singel 4 – 11 mm) avslutta minimum 0,5 m over høgaste grunnvasstand. Ved behov foretas det masseutskifting med egnede masser ned til normal grunnvannstand.

Terrenget vert heva frå kote +25 til kote +27 ved infiltrasjonsanlegget.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjær si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslas i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av bygggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er

motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/8743

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Norconsult AS

Postboks 626

1303

SANDVIKA

Mottakarar:

Egedomsforvaltning